

# Korleis utarbeide behandlingsforslag med kostnadsoverslag til NAV?

## Retningslinje for tannhelsetenesta i VLFK

### Behandlingsnivå når NAV skal dekke behandlinga

Pasienten skal få dekkja nødvendig tannbehandling som gir ei akseptabel oral helse.

I rettleiaren God klinisk praksis er akseptabel oral helse at brukaren:

- ikkje har smerter, ubehag eller alvorlege lidingar i munnhola
- har tilfredsstillande tyggefunksjon
- kan kommunisere og ha sosial omgang utan problem som skuldast tennene

Nødvendig tannbehandling er den informasjon og behandling som skal til for at pasienten kan oppnå og sjølv bidra til å oppretthalde akseptabel oral helse.

For at NAV skal gje stønad til føreslått behandlinga, skal behandlinga vere nøktern og nødvendig å utføre no. Dersom det er rimelegare akseptable løysingar, er det dette som blir tilrådd.

### Korleis går tannbehandlar fram og kva dekker NAV?

1. Bruk takstane til VLFK når du set opp kostnadsoverslag.
2. NAV sosialteneste gir søkaren ein skriftleg garanti for dekking av undersøking og utarbeiding av kostnadsoverslag. Søkaren leverer sjølv garantien til tannklinikk/tannlege. Tannklinikken/tannlegen må sende kostnadsoverslaget til NAV sosialteneste innan den fristen som går fram av garantien. Garantien omfattar ikkje behandlingstgifter. Behandling utan garanti skjer på tannlegen sitt eige ansvar.
3. Kostnadsoverslaget skal gi eit klart bilete av tannstatus, diagnosar og behov for tannbehandling. Intraorale røntgenbilete skal ligge ved kostnadsoverslaget. Det må vere vedlagt apikalbilete av tenner som er føreslått rotfylt. Kostnadsoverslag med manglande dokumentasjon/røntgenbilete vil ikkje bli vurdert.
4. Det må komme tydeleg fram i kostnadsoverslaget kva som er eigenandel for pasienten - og kva som er refusjon frå Helfo.
5. Tannlegen skal bruke konvensjonell fyllingsterapi alle stadar der det er fagleg forsvarleg. Tannlegen skal utføre fyllingsterapi i samsvar med *Retningslinjer for bruk av Tannrestaureringsmaterialer* frå Helsedirektoratet.
6. Ved tannkjøttsbehandling skal hygiene fase vere gjennomført og ha oppnådd akseptabelt resultat før korreksjonsfase. Der tannkjøttsbehandling er nødvendig skal tannkjøttsbehandlinga vere utført før eventuell protetisk behandling.
7. Ved behov for protetisk behandling i front blir som regel bru eller krone dekkja. Manglar fleire tenner, bør partiell protese vere førsteval. Trådklammerprotese/valplastprotese kan brukast som overgangsprotese.
8. Pasientar som er tannlause blir tilbydd heilprotese som førsteval.

9. Implantatbehandling blir som hovedregel ikkje dekkja, med visse unntak. Eit eksempel på unntak kan vere intakte nabotenner i fronten.

10. Rekvirer tanntekniske arbeid til lågast mogeleg pris, forutsett at kvaliteten på arbeidet og framstillingsprosessen er akseptabel, og at du brukar godkjent laboratorium og materialar.

11. Stønad til rotfylling av molarar blir vurdert ut frå kor viktig tanna er i tannsettet, prognosen for rotbehandlinga og prognosen for restaureringa.

12. Kirurgisk behandling som er nødvendig for å fjerne patologiske tilstandar i kjeve og munnhole kan bli dekkja.

13. Estetisk behandling blir som hovedregel ikkje dekkja, men unntak kan vere tilfelle der diagnose utløyser Helfo-refusjon etter innslagspunkt 7.

14. NAV sosialteneste gir ikkje stønad til kjeveortopedisk behandling (tannregulering) som ikkje utløyser Helfo-refusjon. Når kjeveortopedisk behandling utløyser Helfo-refusjon, kan NAV sosialteneste vurdere å gi sosialhjelp for å dekke eigenandelen til pasienten.

15. Dekking av utgifter til narkosebehandling blir vurdert i kvart enkelt tilfelle. Søkaren bør bli vurdert om den er aktuell for TOO-tilbodet i VLFK om angst er årsaka til at personen ikkje meistrar ordinær tannbehandling.

16. Send spesifisert rekning for undersøking, røntgenbilete, utarbeiding av kostnadsoverslag og eventuell akuttbehandling til NAV sosialteneste.

17. NAV sosialteneste dekker ikkje «tapt honorar på grunn av manglande frammøte», ikkje-møtt gebyr. Både NAV sosialteneste og behandlande tannlege må informere søker om at søker sjølv må betale for kostnad ved manglande frammøte før behandlinga fortset.

#### **Retningslinja over bygger på**

- IS-1589 God klinisk praksis i tannhelsetjenesten - en veileder i bruk av faglig skjønn ved nødvendig tannbehandling frå Helsedirektoratet
- Rundskriv til sosialtenestelova
- Rundskriv til folketrygdlova kap.5 – undersøkelse og behandling hos tannlege og tannpleier for sykdom og skade.